



Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid.

Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn (NGIT).

1. Heimel og avtaledokument.

Vertskommunesamarbeidet er skipa som administrativt vertskommunesamarbeid med heimel i kommunelova § 28-1b, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 25-1, 3. ledd og bygesaksforskrifta (SAK 10) § 15-1 b.

2 Samarbeidskommunar (kommunelova § 28-1e nr 2 a)

Avtalen gjeld mellom kommunane Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Lindås kommune er vertskommune.

Samarbeidet heitar Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn (NGIT).

3 Føremål.

Avtalen skal sikre at deltagarkommunane utfører sine plikter etter plan- og bygningslova kap. 25 (tilsyn) og sikre oppfølging av tilsynssakene etter plan- og bygningsloven kap. 32 (oppfølging av lovbro).

4 Mynde og delegasjon (kommunelova § 28-1e nr 2 b og c)

- Samarbeidskommunane delegere mynde til rådmannen i vertskommunen etter kommunelova § 28-1b nr. 3, jf. § 28-1a..
- Vertskommunen vert delegert mynde til å treffa avgjerd i einskildsaker av ikkje prinsipiell art etter pbl. § 23-3, pbl. kap 25 og pbl. kap 32, med tilhøyrande forskrifter.
- Mynde vert delegert til vertskommunen med verknad frå møtedato i kommunestyret.

5 Organisering

- Vertskommunen har arbeidsgjearansvar for tilsynskontoret og er ansvarleg for arbeidsplass og naudsynt utstyr, og at dei tilsette i tilsynet får ta del i fagleg oppdatering og utvikling
- Tilsynet skal ha minimum tilsynsleiar + eit årsverk, jf. SAK10§15-1b.
Det skal vere både byggteknisk og juridisk kompetanse i tilsynet, jf. SAK10§15-1 b.
- Vertskommunen er ansvarleg for journalføring og arkiv. Vertskommunen skal legge til rette for ein innsynsmodul til tilsynskontoret sitt arkiv, slik at m.a. tilsynsrapportane er tilgjengelege for samarbeidskommunane.

6. Tilsynet sine oppgåver

Tilsynet skal gjennomføre tilsyn i samsvar med vedteken tilsynsstrategi, sjå eige vedlegg.

Vedteken tilsynsstrategi og fordelingsnøkkelen skal vera rettleiande ved fordeling av planlagde tilsyn mellom deltagarkommunane.

- Tilsynet skal utføre tilsyn etter pbl. kap 25 med hovudvekt på føretakstilsyn, både som dokumenttilsyn og byggeplasstilsyn.
- Tilsynet skal utarbeide tilsynsrapportar for gjennomført tilsyn i samsvar med gjeldande lovverk.
- I saker der tilsynet sjølv har avdekka lovbro gjennom tilsyn skal tilsynet følgje opp sakene etter pbl kap 32. Vidare oppfølging utover vedtak om pålegg om tvangsmult må sjåast som saker av prinsipiell art.
- Tilsynet skal utarbeide årsplan.
- Tilsynet skal vera rådgjevar for kommunane i høve spørsmål om ansvarsrett.
- I saker som skal til politisk utval i den einskilde kommune, skal tilsynet førebu sakene administrativt med innstilling frå rådmannen.

7. Rapportering til samarbeidskommunane om vedtak i vertskommunen (kommunelova § 28-1e nr 2 d)

- Samarbeidskommunane skal vere kopimottakar i all korrespondanse som gjeld tilsyn og oppfølging av tilsyn og lovbro i eigen kommune.
- Tilsynet skal utarbeide årleg rapport over samarbeidet sitt virke.
- Tilsynet skal rapportere til samarbeidskommunane utanom den årlege rapporteringa om det oppstår tilhøve som er eit brot på samarbeidsavtalen eller avvik frå tilsynsstrategien.



8. Økonomiske tilhøve (kommunelova § 28-1e nr 2 e)

- a) Tilsynet skal ha eige budsjett og rekneskap. Vertskommunen er ansvarleg for å utarbeid budsjett- og rekneskap, og syta for revisjon.
- b) Kostnadene med samarbeidet vert delt i høve til det fordelingsprinsippet som er lagt til grunn i vedlegg om økonomi.

9. Avtaletid, avtaleendring, uttreden og avvikling (kommunelova § 28-1e nr 2 f)

- a) Avtalen gjeld i tre år med verknad frå gjeldande kommunestyrevedtak, med automatisk vidareføring ~~lenging~~ for 3 år om gongen. Kvar av deltakarkommunane kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til vertskommunen. Uttreden kan tidlegast finne stad ved årsskifte 1 år etter at skriftleg varsel er mottatt av vertskommunen, jf. kommunelova § 28-1 i nr 2.
- b) Samarbeidet kan løysast opp når deltakarkommunane er samde om det, jf. kommuneloven § 28-1 i nr. 1.
- c) Det er kommunestyret i den einskilde kommune som kan treffe vedtak om uttreden, oppløysing og krav om forhandling av avtalen.
- d) Ved uttreden har vertskommunen ansvar for utarbeiding og utsending av ny kostnadsfordeling.

10. Twist (kommunelova § 28-1e nr 2 g)

Eventuell twist skal partane søkja avklart ved forhandling. Lukkast ikkje dette, skal twisten avgjerast ved voldgift, der kvar part oppnemnar sin representant, og med lensmannen i Lindås og Meland som voldgiftsdomar om partane ikkje er samde om ein annan person som voldgiftsdomar.

Avtalen har 2 vedlegg

- Økonomi
- Tilsynsstrategi.

Vertskommunen skal orientere fylkesmannen om at det er inngått samarbeidsavtale etter kommunelova § 28-1b, jf. kommunelova § 28 e nr 4.

. – o 0 o - .